



Asle Meland
Melandsvegen 289
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3464 - 14/15790

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
22.10.2014

Godkjenning- Gbnr 16/3 - Løyve til riving av eldre gardshus

Administrativt vedtak. Saknr: 290/2014

Tiltakshavar: Asle Meland
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett, jf plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1 bokstav e.

SAKSUTGREIING:

Saka gjeld:

Saka gjeld søknad om riving av eldre gardshus på landbrukseigedomen gbnr 16/3 i Meland kommune. Det er søkt om ansvarsrett som sjølvbygger. Bygget er i følge matrikkelen på 165 m². Det vert vist til søknad journalført 20.8.2014, supplert sist ved søknad om ansvarsrett dagsett 17.10.2014.

Søknadsplikt for riving av byggverk følger av plan- og bygningslova § 20-1 bokstav e.

I e-post motteke 6.9.2014 har tiltakshavar gjeve følgjande opplysningar om tiltaket og avfallshandtering:

«Planen min var i utgangspunktet å rehabiliterare huset. Då alt innvendig vart fjerna, visste det seg at huset var i svært dårlig stand. Det som no står att av huset er noko golv, tak, og yttervegger med tømmer og kledning.

Min plan er då:

- Vindauger og dører skal eg ta vare på.
 - Likeins vil eg ta vare på skifer frå taket.
 - Det meste av kledningen vil eg bruke i botnen av grøfter.
 - Noko av tømmeret skal eg bruke til ved.
 - Resten av trevirket vil eg grave ned i enden av huset - og delvis under huset.
- Der er det god djupn med moldjord.»

VURDERING:

Lov- og plangrunnlag:

Eigedomen er i kommuneplanen sin arealdel vist som LNF-område. Tiltaket krev ikkje dispensasjon frå landbruksføremålet i kommuneplanen.

Søknaden inneheld tilstrekkeleg opplysningar til at Meland kommune kan gje løyve til tiltaket, jf pbl § 21-2.

Nabovarsling og godkjenning frå panthavar:

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Panthavar i eigedomen, Sparebanken Vest, er varsla om tiltaket og har ikkje hatt merknader, jf pbl § 21-3, 3. ledd og e-post motteke 7.10.2014.

Avfallshandtering:

Tiltakshavar har opplyst at han skal gjenbruka vindauge og skifer på tak. Kledning skal brukast i botnen av grøfter, medan noko av tømmeret skal brukast til ved. Resterande trevirke er planlagt nedgrave på eigna sted ved enden av eksisterande hus.

Tiltaket har krav til avfallsplan etter TEK § 9-6 bokstav (c). For slike tiltak skal det i samband med søknad om ferdigattest utarbeidast «...en sluttrapport som viser faktisk disponering av avfall, fordelt på ulike avfallstyper og –mengder».

Det er krav til skildring av miljøsanering for tiltaket etter TEK § 9-7. På bakgrunn av opplysningane i søknaden legg administrasjonen til grunn at tiltaket ikkje medfører «farlig avfall», jf TEK10 § 9-7, jf avfallsforskrifta kapittel 11. Det er tiltakshavar/ansvarleg prosjekterande og utførande sitt ansvar at desse opplysningane er forsvarleg kontrollert i samsvar med avfallsforskrifta, samt at det vert innlevert sluttrapport.

Ansvarsrett:

Tiltakshavar søkte opphavleg om ansvarsrett som sjølvbygger, men dette er seinare endra til søknad om lokal godkjenning for enkeltpersonføretaket Asle Meland, org.nr 954 368 505. Etter ei konkret vurdering godkjenner administrasjonen søknaden om lokal godkjenning av ansvarsrett for prosjektering og utføring av tiltaket, samt at tiltakshavar sjølv er ansvarleg søker. Det vert vist til at tiltaket er av liten kompleksitet og at tiltakshavar har over 30 års erfaring som tømrrar.

VEDTAK:

«Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 bokstav e, jf § 21-4, gjev Meland kommune løyve til riving av eldre gardshus på gbnr 16/3 i Meland kommune, jf søknad journalført 20.8.2014. Grunngevinga for vedtaket går fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor.

Søknad om lokal godkjenning for enkeltpersonføretaket Asle Meland, org.nr 954 368 505, vert godkjent som omsøkt, jf ovanfor. Godkjenninga gjeld funksjonane SØK, PRO og UTF (tkl 1).

Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova, som er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyvet vart gjeve, fell det bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf pbl § 29-1.

Tiltaket skal utførast i samsvar med krav og vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, så framti ikkje anna er bestemt ovanfor.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal tiltakshavar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
konsulent byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:
Asle Meland

Melandsvegen 289 5918

FREKHAUG